

# Nordvest



Foto: Mesina Vitollari

## Ny ungleder i regionen

– Det er meningsfullt å få jobbe med barn, og få lov til å fortelle dem om Jesus, sier Ole Petter Stenberg. Han startet 1. august som ungleder på regionskontoret.

Side 44



### GJENBRUKEN I ELNESVÅGEN 15 ÅR

En sosial møteplass, godt medarbeiderfellesskap, bærekraft og innsamling av midler, er stikkord for denne jubilenten.

LES MER PÅ SIDE 46



#### MISJONSSAMBANDET NORDVEST

Myrabakken Næringssenter  
Spjelkavikvn 132  
6010 Ålesund

E-POST: nordvest@nlm.no

#### REGIONLEIAR OG ANSVARLEG REDAKTØR:

Steffen Stensland

#### ADMINISTRASJONSLEIAR:

Anne-Marit Engås

UNGLEIAR: Ole Petter Stenberg



Kommentar:  
**Steffen Stensland**  
Regionleiar, Misjonssambandet nordvest

## Når elva renn vår veg

Gjennom vårhalvåret og sommeren har eg høyrte om endringar i unge menneske si haldning til tru og kristendom. Vi høyrer rapportar om at unge søker til kyrkje, Gud og varige verdjar som ein kan bygge livet på.

### KOMMUNIKASJON

Dette er ein positiv utfordring for oss som kristne. Maktar vi å vere så synlege i det offentlege rommet at dei som søker finn oss? Er vi til stades der menneske søker svar på evige spørsmål?



### Er vi til stades der menneske søker svar på evige spørsmål?

Om vi er det, og desse finn vegen til oss, kva møter dei i våre fellesskap? Er vi menneske som møter dei både med varme og med dei gode nyheitene? Maktar vi å snakke det språket dei har? Har vi former og arbeidsmåtar som kan plukke opp og kommunisere til dei som kjem heilt utanfrå?

### KRAFT

I Gud sitt ord så står det klart at evangeliet har kraft i seg sjølv til å skape nytt liv. Bodskapen om Jesus og det han har gjort har kraft nok til å skape tru og tillit i menneske sitt liv om dei søker det eller ei. Dette burde gi oss frimod til å formidle dette vidare uansett kva strømmingar som er i tida. Men då må vi vere der dei

leitar, og peike mot han som er vegen sanninga og livet.

I vår region har regionstyret vedteke fire satsingsområder som spring ut av strategien vår. Eit av desse er:

Vi vil at nye menneske i region nordvest blir kjent med Jesus og blir med i misjonsopdraget.

### INITIATIV

Kulturen rundt oss melder at det er fleire no enn på lenge som er på leit, elva renn vår veg. Då er spørsmålet om vi kan makte å ta opp i oss det momentet som er der. I dette nummeret av regionutsyn kan du lese om ein gjeng i Vanylven som har starta opp med Alpkurs. Dette gjer dei fordi dei ynskjer at fleire skal få del i dei gode nyheitene. Dette er berre eit av dei initiativa som vi kjenner til som på ein særleg måte søker å nå nye menneske. Vi vil gjerne høyre om fleire.



### Kulturen rundt oss melder at det er fleire no enn på lenge som er på leit.

Mest av alt ønsker vi å høyre om nye menneske både her i Møre og Romsdal, og ute på våre misjonsfelt, som møter Jesus og får eit nytt liv. Då kan vi få ta del i den feiringa som allereie er i gang i himmelen. Ver med å be om at vi får ha ei slik rolle i Møre og Romsdal!



## Pit Stop

Begrepet er fra motorsporten, og handler om å ta en liten pause for påfyll av drivstoff og vedlikehold. Det er ønsket vi har for ungdommene våre når vi er med på å arrangere Pit Stop på Emblem bedehus 17.-19. oktober.

Vi ønsker at ungdommene skal få en pause fra hverdagen med påfyll og vedlikehold av troen. Anette Fredly er årets hovedtaler. Helgen blir fylt av god undervisning, lovsang, seminarer og sosialt fellesskap.

Kanskje kjenner du en ungdom du kan tipse om å dra på Pit Stop i oktober?

### Mitt bibelvers

I yngre år har jeg tidvis tenkt at det må ha vært stort å få være med Emmaus-vandrerne, og høre Jesus legge ut «det som står om ham i alle skriftene».

Hvorfor ikke nå? Ikke urimelig om ønsket ble besvart med: Nå har du vært en kristen i over sekstio år. Du har hatt rikelig anledning til å sette deg inn i det som står skrevet, og bør ha blitt overbevist om at Jesus Kristus er din frelser, at Gud er god, langmodig, barmhjertig og rik på miskunn. Du har kunnet regne med visdom til å forstå hva som er viktig for ditt liv. Du har lang erfaring med glede av den gode virkningen av Guds nærvær både i andres og din egen hverdag.

«Han har kunngjort for deg, menneske, hva godt er. Og hva krever Herren av deg? Bare at du gjør rett, viser trofast kjærlighet og vandrer ydmykt med din Gud.» Mika 6,8

Det er vel en form for Emmaus-vandring det også.

PER EKLUND



# Misjonsarbeidar med forkynnarglede

Eg møter Lars Kjetil og Elisabet i heimen deira på Emblem til eit intervju.

TEKST: STEINAR DIMMEN

Lars Kjetil er tilsett som forkynnar i Region nordvest. I sommarhalvåret har han alltid arbeid som lastebilsjåfør.

- Eg starta mi forkynnargjerning i 1981, og opplevde då eit kall til å forkynne og dele det eg sjølv har sett i Guds ord. Etter nokre år gjekk eg Fjellhaug Bibelskule si forkynnarlinje. Dette er bakgrunnen for at eg no har meir enn 40 års erfaring som forkynnar, fortel Lars Kjetil.

## DELT KALLET

Elisabet og Lars Kjetil gifta seg i 1991. - Eg var då tilsett i misjonen, og visste litt kva det innebar å vere gift med ein forkynnar, seier Elisabet.

Lars Kjetil forsett, - Vi har delt kallet. I starten var eg mykje borte, og mykje ansvar fall difor på Elisabet. Det hadde ikkje gått utan ei felles forståing av kallet som forkynnar. I dag er arbeidstid heilt annleis lagt opp, med mindre tid borte frå heimen, og det er eg glad for.

## FORKYNNERNÅDEGÅVER

- Forkynninga er ei nødvendig teneste i den kristne kyrkja for å halde oppe og å skape tru i eit menneske sitt liv, fortel Lars Kjetil. Han held fram at det er eit nådemiddel - dvs. det bringar Jesus og hans frelse til oss. - Utan forkynninga av Guds ord vil truslivet i den kristne forsamling døy ut og den kristne kyrkje forsvinne, seier han.

Han har sett at det er unge som kan ha ei forkynnarnådegåve, og han håper at vi oppmodar dei og gir dei tillit til å utvikle denne gåva. - Eg trur vi må skape slike plassar eller anledningar der vi kan dele frå Guds ord. Det kan vere eit opningsord, eller ei kort andakt. Eller ei utfordring til å dele si eiga trushistorie, arrangere «små møter» der dei kan få prøve ut forkynnarnådegåva si, eller liknande. Dei fleste av oss startar og får utvikle forkynnartenesten på den måten, fortel han

## BODSKAPEN

- Kva er den viktigaste budskapet du vil nå ut med?

- Friheita i Jesus og hans frelseverk. Det høyrest enkelt og greitt ut, seier Lars Kjetil,



Elisabeth og Lars Kjetil Emblem 2025.

Foto: Steinar Dimmen



**Bibelen er gitt oss for at vi skal høyre Guds stemme, og lære hans vilje og ord å kjenne.**

LARS KJETIL EMBLEM

men legg til at det er vanskeleg. - Vi har veldig lett for å blande inn så mange andre ting, det er så lett å legge til eit *men* og eit *burde*, eller *ting vi sjølv må få til*. Slikt er framandt for evangeliet og nåden i Jesus Kristus.

Han fortel at Guds ord som lov og evangelium alltid har vore ei referanse for ham. Det inneber at forkynninga må vise oss at Gud er heilag, og i møte med han vil vi oppdage vår synd, men evangeliet er noko heilt annleis, det er lovnaden om nåde og tilgjeving ved trua på Jesus. - Disse to sidene ved Guds ord må alltid forme forkynninga, seiar han.

## BIBELTRUSKAP

Han legg stor vekt på Bibelen og truskap mot ordet. Det er ei veldig trygghet og kvile for ham at budskapet er i samsvar med Bibelen. - Truskap mot ordet og Bibelen er difor heilt avgjerande for meg og mi forkynnarteneste. Det gir meg friheit frå meg sjølv, men samstundes gir det forkynninga ein autoritet som er utanfor meg sjølv, seier han og legg til. - Der Bibelen sin budskap vert borte, vil menneske sjølv utforme si tru etter egne tankar og idear. Men Bibelen er gitt oss for at vi skal høyre Guds stemme, og lære hans vilje og ord å kjenne.

Lars Kjetil les mykje, og særleg teologi og kristen litteratur av ulikt slag. Han er godt orientert om kristne spørsmål som er oppe i tida.

- Når hausten kjem, då gler eg meg til å starte på som forkynnar, for eg likar å formidle det eg har sett i Bibelen. Eg har alltid opplevd forkynnarglede, og eg kjenner på takk til misjonsfolket og til regionen som har gitt meg denne tillita og oppgåva. Men gleden og takka må eg nok først og fremst rette til Gud som kalla og gav meg denne teneste, avsluttar Lars Kjetil.

# Frå Preg-barnehage til ungleiar

– I Preg-barnehagen fekk eg vekse i oppgåvene i mitt eige tempo. Der har eg hatt ein fantastisk leiar og flotte kollegaer, seier Ole Petter Stenberg, som 1. august begynte som ungleiar i region Nordvest.

TEKST: BODIL BØ

Ole Petter (36) bur i dag på Stranda i lag med Åshild og dei to små borna Sunniva og Simon, men det var på Averøya han vaks opp i lag med to yngre brør. Han er over gjennomsnittet interessert i fotball og har tidlegare vore aktiv som fotballdommar. Han er dessutan veldig stolt av potetåkeren sin, som han gjødsler med «gullvatn», som gir svært god avling.

## VESTBORG

Då han skulle velje vidaregåande skule var det ikkje aktuelt å reise til Kristiansund, så han hamna på Vestborg vgs på Stranda. – Første halvåret var knallhardt. Eg hadde mykje heimlengsel og reiste heim kvar helg, fortel Ole Petter, men seier vidare at heimlengselen gjekk over etter ei tid og at på Vestborg fekk han vener for livet.

Åra på Vestborg vart viktige for han, og det var her han tok valet om å følgje Jesus. sjølv om han eigentleg har følt seg som kristen heile livet. På Vestborg vart han og kjent med Åshild, som han seinare vart gift med.

## MEININGSFULLT

Etter dei tre åra på Vestborg vart det eit år på bibelskulen Fjellhaug i Oslo. Så fekk han eit år som eittåring for Misjonssambandet i Øygarden, der han reiste i team og mellom anna var mykje på leirar. Ole Petter tok også eit års-studium i KRLE på Fjellhaug før han studerte til førskulelærer i Bergen.

Åshild og han flytta til Stranda etter studieåra, og han jobba i barnehage på Stranda dei første åra, før han fekk jobb i Preg barnehager i Sykkylven. Det vart syv år i Sykkylven som pedagogisk leiar. – Der har eg fått mykje oppbacking, og lov å prøve og feile, noko som



Foto: Mesina Vitollari



Foto: Cathrine Behrentz



**Det er meningsfullt å få jobb tett på borna.**

OLE PETTER STENBERG

## SPENT

No gler han seg til dei nye oppgåvene som ungleiar, der han skal leie barne- og ungdomsarbeidet i Nordvest i lag med BUR (barne og ungdomsrådet).

Oppgåvene er mange, og han skal mellom anna organisere og delta på leirar og i konfirmantarbeidet Konfu, besøke barnelag og etter kvart blir det litt forkynnaroppdrag.

Han gler seg til å bli kjent med kollegaer og frivillige, og til å møte borna på leirar og i barnelag. Han trur og det blir fint med meir fleksibel arbeidstid, men er spent på korleis kvardagen blir, korleis det blir å kombinere arbeid og familieliv i tida framover.

Ver med å be for Ole Petter og oppgåvene hans, og for Åshild, Sunniva og Simon.

har gjort meg tryggare i rolla, sier Ole Petter.

– Det er meningsfullt å få jobb tett på borna, og få lov til å fortelje om Jesus til dei. Eg kjem til å sakne det. Ver gjerne med å be for desse borna som går i Preg-barnehagane.



# Alphakurs i Vanylven

Frå venstre: Brit Irene Kvamme, Målfrid Emblem, Målfrid Sommerset, Jarny og Alf Kåre Rønnestad, Liv Fluevåg. Yngre gruppeleiarar var også sentrale aktørar. Bildet er teke ved ei seinare anledning.

«Er livet mer enn dette? Hvem er Jesus? Hvorfor døde Jesus? Hvordan kan jeg tro?» Kan du sjå for deg fleire grupper som sit rundt bord og samtalar om dette? I vår fekk vi sju slike kveldar i Vanylven, nokre gongar kom over 30.

TEKST OG FOTO: OLE AUDUN OS

- Vi har lyst å tipse fleire om å arrangere Alpha, seier Alf Kåre Rønnestad, initiativtakar til kurset, difor deler vi gjerne våre erfaringar. I fjor var det omtrent 30 000 kyrkjer og organisasjonar som arrangerte Alpha rundt om i verda.

## HER ER NOKRE STIKKORD OM START OG GJENNOMFØRING:

- **Initiativ:** Samrådsmøte for bedehusa, korleis få kontakt med yngre? Idé: Alphakurs!
- **Bønn:** Frå første stund var det klart at her trengs det bønn, heile vegen.
- **Organisering:** Ei gruppe med folk frå fleire bygder vart valt.
- **PR:** Idémyldring i gruppa: Korleis invitere, finne nøkkelpersonar som kan invitere i sine nettverk. Knallbra brosjyre vart laga av ein i gruppa. Facebook: Felles bedehusside og bygdesider vart brukt.
- **Innhald:** 15 gode undervisningsfilmar på vel 20 minutt der to unge programleiarar let oss møte viktige spørsmål i livet.. Menneske deler livserfaringar og vitnesbyrd. Ikkje-truande kjem også til orde. Alpha sin grunnleggar, Nicky Gumbel, har fleire gode innslag med undervisning. Filmane er teksta på norsk.
- **Vanylven:** 7 kveldar/7 tema i denne omgang.
- **Stad:** Gudshus eller nøytralt hus? Hakallestranda bedehus vart valt, dei har mannskap

til å ordne det praktiske.

• **Alphakveld:** 1900 - 2100. Ein halv time kveldsmat, så film, så samtale i grupper. Underskrivne var med og hjelpte med praktisk tilrettelegging.

• **Gruppeleiarar:** Stor glede over at kristne med ulik alder tok ansvar. God hjelp av deltakar- og leiarhefte som vart bestilt.

• **Økonomi:** Bedehuset dekte utgiftene, og frivillige gaver gjorde at det gjekk i balanse.

## SNAKKIS I BYGDENE

Alf Kåre Rønnestad var den som kasta fram idéen om Alpha og stod som leiar av kurset.

- Kva var motivasjonen bak kurset?
- Vi ønskjer å få fleire unge med og vi ønskjer å dele evangeliet. Og så såg vi dette som ei anledning til at alle kristne kunne gjere

noko ilag.

- Ser du resultat?  
- Fornying! Glede over å kunne samtale om trua! Yngre gruppeleiarar! Og filmene opna augene for evangeliet. Nokre av dei som kom, går ikkje ofte på kristne møte.

- Og så må eg legge til at Alpha vart ein snakkis i bygdene. Eg er sikker på at dette vart eit kall også for fleire som ikkje kom!

- Kva tenkjer de om vegen vidare?  
- Ei bibelgruppe for kvinner startar til hausten, og vi tenkjer på å dele manngruppa vår. Og kanskje blir det no lettare å få til eit nytt kurs. Gud kallar på folk!

Meir info om Alpha: [norge.alpha.org](http://norge.alpha.org) (her kan du også sjå filmene på førehand)



Misjonssambandet  
Region nordvest

## Medarbeiderfest 18. oktober

### Vestheim ungdomssenter

10:30	Kaffe/te og enkel bevertning
11:00 – 13:00	«Evangeliet til de minst nådde» Ole Lilleheim
13:00 – 13:30	Pause.
13:30 – 16:00	Festmiddag med innslag
16:00	Slutt

*En festdag for alle frivillig engasjerte i Misjonssambandet nordvest. Påmelding [nlm.no/nordvest](http://nlm.no/nordvest)*

# 15-års jubileum

Elnesvågen gjenbruk markerte i juni at de er blitt 15 år. Ein sosial møteplass, godt medarbeidarfellesskap, berekraft og innsamling av midlar, er stikkord for denne jubilanten.

TEKST: HILDEGUNN FAGERLI

Det var Sveinung Lianes som drog i gang prosjektet, og organiserte dugnaden. Etterkvart vart fleire dyktige medarbeidarar med, og god organisering frå byrjinga gav ein god start. Frå nærområdet kom det inn mange varer, til opningsdagen 7. april 2010. Då kassa vart telt opp den dagen viste det heile 25 000 kroner.

## FRIVILLIGHET

Den lune kroken midt i lokalet har fått med seg mange gode samtalar, mang ein kaffikopp har blitt drukke, og tankar om tvil, tru og liv er delt her. Kanskje ikkje første eller andre gongen, men når ein gong på gong blir møtt med smil og varme, legg det grobotn for å få ein samtale om det viktigaste. Ei andaktsstund kvar dag før opning, har og sin naturlege plass her.

Godt samarbeid med hovudleinga i Gjenbruken har vore viktig og nødvendig, mang ein telefon er tatt for å få gode råd. Kursing av medarbeidarar i både butikkdrift og HMS er



Frå 15-årsmarkeringa til Gjenbruken i Elnesvågen.

Foto: Gjenbruken

viktig, og ikkje alltid det første ein tenker på som frivillig eller som pensjonist. Å ha fleire å spele på er viktig, for det kjem inn mykje varer, det skal sorterast og prisast, varer skal hentast og setjast fram for sal. Oppgåvene er mange og varierte, noko som og gjer at mange ulike evner kan nyttast, ulike personar kan bidra, og nådegåver vera i bruk.

## SKOLE-HELSE-VANN

I 2020 var det klart for 10 årsjubileum, men ein månad før, måtte butikken stenge på grunn av korona. Då ein opna igjen vart det mykje ekstraarbeid, og det kjendest som eit stort ansvar å halde butikken open. Året etter kom det på plass ei ombygging og utviding av

butikken, og det er no mykje skryt å få for ein ryddig og oversiktleg butikk. 15 års jubileet fekk ein heldigvis feire, og gode medarbeidarar vart heidra.

Gjenbruk er i vinden hos folk flest, mange er innom butikken og salet aukar stadig. Overskotet gjev Misjonssambandet eit solid tilskot frå butikken, som går til prosjekt innfor «skole-helse-vann».

Så kor går vegen vidare? Kvifor bruke tid på dette? Visjonen «Verden for Kristus» gjev motivasjon og inspirasjon til å fortsetje, fortel nokre av dei som er der. Ikkje berre økonomi, men menneskemøter og fellesskap.

Med det gratulerer me med dette jubileet, og ynskjer lykke til med det neste!



## Bønnekalender og Våre utsendinger

Som tidligere år har vi også i år trykket opp Bønnekalender og Våre utsendinger.

I bønnekalenderen får du en oversikt over ansatte, utsendinger og institusjoner i vår region. I tillegg til andre daglige bønneemner.

I Våre utsendinger kan du lese mer om hvem de er, utsendingene som er tilknyttet vår region. Her kan du lese mer om arbeidet de enkelte står i,

og bønneemner de ønsker vi skal ta med.

Begge disse brosjyrene kan skrives ut fra nettsiden vår [nlm.no/nordvest](http://nlm.no/nordvest) eller du kan få de ved å henvende deg til regionkontoret. Forkynnerne våre har dem også med seg rundt på bedehusene de besøker.

Tusen takk for at dere vil stå sammen med oss i bønn!

REGION NORDVEST

## Kommende arrangementer

### SEPTEMBER

19.–21.	KRASP	Vestheim ungdomssenter og Møre barne- og ungdomsskule Herøy
26.–28.	Høstweekend for alle	Solhøgda leirsted
26.–28.	Newton-leir, 1.-4. klasse	Vestheim ungdomssenter
26.–28.	Women's retreat	Lepsøy Misjonssenter

### OKTOBER

3.–5.	60 pluss	Solhøgda leirsted
17.–19.	PitStop	Emblem bedehus
18.	Medarbeiderfest	Vestheim ungdomssenter
24.–26.	Sport-aktivleir, 5.–7. klasse	Vestheim Ungdomssenter

### NOVEMBER

1.–2.	Juleverksted, 1.-4.klasse	Solhøgda leirsted
7.–9.	Juleverksted, 5.-7. klasse	Solhøgda leirsted
7.–9.	Julegaveleir, 1.-4. klasse	Møre barne- og ungdomsskule Herøy
14.–16.	KRASP	Vestheim ungdomssenter og Møre barne- og ungdomsskule Herøy
21.–23.	Adventsleir, 1.-4. klasse,	Vestheim ungdomssenter
28.–30.	Kairos,	Vestheim ungdomssenter

## Nytt om navn

I tillegg til **Ole Petter Stenberg**, som dere er blitt kjent med tidligere i Utsyn, er det 2 andre nye i staben til nordvest i høst. Mikel Kycyku og Solveig Bakke.



**Mikel Kycyku** er ansatt i et 100 % årsvikariat som ung-arbeider. Kanskje du har sett han på Vestheim tidligere, der han har hjulpet kona si Mesina, som er daglig leder der. Nå er han klar for å innta rollen som ung-arbeider her i regionen.



**Solveig Bakke** skal være tilknyttet Misjonssalen Ålesund. Hun går i år tjenestelinja på Bildøy bibelskole, og skal ha praksis 22 uker i Misjonssalen.



Ta vel imot dem hvis du møter de på din vei.

**Comfort**  
**VALDERHAUG**  
**RØRHANDEL AS**  
6050 VALDERØY

  
MAUSEIDVÅG BIL OG BÅT

**SULA ENTREPRENØR AS**  
Mauseidvåg småbåthavn  
Innendørs/utendørs vinteropplag av båter  
Tlf.: 913 05 341

**ELIAS BREIVIK as**  
TRANSPORT

BLINDHEIM INDUSTRIVEG 4  
6020 ÅLESUND  
FAX: 70 14 24 99  
MOBIL: 400 06 384

**Slyngstad**  
Elektro AIS  
AUTORISERT EL. INSTALLATØR  
6265 VATNE



- **Elnesvågen**, Torget 6 • Tlf 40443469  
Tor–fre: 11–16 / Lør: 11–15
- **Kristiansund**, Rørgata 8 • Tlf 40443479  
Tor–fre: 12–17 / Lør: 11–15
- **Ålesund**, Brusdalsveien 216 • Tlf 40443460  
Ons–tor: 11–16 / Lør: 11–15

- **Volda**, Elvegata 7 • Tlf 40443454  
Ons: 12–16 / Tor: 12–17 / Lør: 12–16

 **NLM GJENBRUK**